



## Kommunane i Sogn og Fjordane

### Fornyng og innovasjon i offentleg sektor - utlysing av midlar for kommunane for 2019

Fylkesmannen har sett av til saman 5,5 mill. kroner av skjønnsmidlane for 2019 til fornying og innovasjon i offentleg sektor. 5 mill. kroner skal setjast av til seinare fordeling i løpet av året. Samla skjønnsramme for kommunane i Sogn og Fjordane er totalt på 52,7 mill. kroner. Den samla ramma for det nye Vestland fylke er på 168,3 mill. kroner.

**Det vert ei utlysing av fornyingsmidlar i 2019 og søknadsfristen for kommunane er sett til 1. mars.**

All fornying av offentleg sektor skal ha som mål å oppnå meir velferd og gode tenester for innbyggjarane, meir lokal fridom og mindre administrasjon og detaljstyring.

Fylkesmannen har fastsett føringar for 2019 i samråd med KS.

Prosjekt som ligg innanfor eit eller fleire av desse områda vil bli prioriterte:

1. Kommunale tenester til:
  - helse og omsorg, t.d. velferdsteknologi og auka krav innanfor rus og psykiatri
  - barnehage- og skolemiljø
  - barnevern eller barn som er utsette for vald og overgrep
2. Digital forvaltning, med vekt på brukarvennlege tenester og innhald  
Samarbeidsprosjekt som gjer at flest mogeleg av kommunane i fylket brukar same kompetanse- og teknologiplattform, vert prioriterte.
3. Samfunnsutvikling til dømes på desse områda:
  - rekruttering
  - interkommunalt planarbeid til dømes om folkehelse, massedeponi, oppdrett og akvakultur
  - kommunale planverktøy og digitale kart
  - samfunnstryggleik og beredskap
  - klimatilpassing eller tiltak for å redusere klimagassutslepp
4. Interkommunale utviklingsprosjekt:
  - utgreiingar som grunnlag for vidare prosessar i kommunereforma
  - tenestesamarbeid på område der det har oppstått endringar som følgje av kommunereforma
  - samarbeid om skogbruks- og landbruksforvaltninga

Berre kommunar kan søkje. Samarbeidsprosjekt der fleire kommunar deltek, blir prioriterte. På denne måten vil vi kunne få fram større og meir overgripande prosjekt – mellom kommunar, regionar eller for heile fylket. Kommunar som er med i nasjonale prosjekt, kan få tilskot der det er ein overføringsverdi til andre kommunar i fylket.

Det vert lagt vekt på at prosjekta har ein overføringsverdi, er forankra i kommuneleiinga og hjå tilsette. Prosjekta bør gi klåre kvalitetsforbetringer eller effektiviseringsgevinstar. Konkrete gjennomføringsprosjekt blir prioriterte framfor utgreiingsprosjekt. Vi gjev ikkje tilskot til investeringar i utstyr. Den kommunale eigendelen for fornyingsprosjekt er 50 prosent.

#### **Informasjonsstrategi**

God formidling av prosjekta som får tildelt midlar er viktig, også for å vise fram kva fylket oppnår der det er nasjonale mål og føringar. Informasjon vert lagt ut på Fylkesmannen sine heimesider, og kommunane presenterer prosjekt på sine eigne heimesider.

#### **Prosess for tildeling**

Tidlegare år har føringar og tildeling av fornyingsmidlar vore gjort i samarbeid med KS i Sogn og Fjordane. Frå 2019 legg vi opp til at også regionråda i fylket blir inviterte til å vurdere og prioritere søknader. Dette for å få ei lik handsaming av fornying- og innovasjonsmidlar i det nye fylket.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har utvikla ein ny nasjonal database på oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet – Prosjektskjønn. Alle søknader og rapporteringar skal sendast inn via denne portalen, og alle prosjekt vert presenterte på ei offentleg side i denne portalen, sjå <https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no/offentlig>

**Søknadsperioden for 2019 er lagt opp frå 01.01.2019 til 01.03.2019.**

Her er lenke til portalen: <https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no>

Nye brukarar i kommunane må nytte Id-porten og söke om tilgang til portalen i same lenka.

Informasjon om fornyingsmidlane for 2019 vert og lagt ut på våre heimesider:

<https://www.fylkesmannen.no/Sogn-og-Fjordane/Kommunal-styring/Kommunal-forsyning/>

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
fung. fylkesmann

Marit Lunde  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.*